

Kva er dagsturhytta ?

Dagsturhytta er eit lågterskeltilbod for turgåarar. Ho er om lag 15 kvadratmeter og er ein plass for å ete matpakka si, få litt varme i seg og bla i bøker. Hytta skal ha eit mini nynorsk bibliotek – hovudsakleg barnebøker. Hytta får solcellepanel og ein liten vedovn.

Dagsturhytta skal vera eit turmål for folk flest. Etne kommune vedtok bygging i juni, og endeleg plasseringa av hytta blir vedtatt av kommunestyret hausten 2020. Etter tidsplanen skal hytta leverast våren 2021.

Kommunen ynskjer lokalt engasjement og høve til å koma med forslag til plassering. Det blir ein prosess der ei gruppe vurderer innkomne forslag opp mot kriteriar/føringar frå fylkeskommunen. Gruppa er samansett av representantar frå kommuneleiinga, turlag, frivilligsentral, ungdomsråd og råd for menneske med nedsatt funksjonsevne. Gruppa vil koma med ei tilråding til kommunestyret innan 1. november.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og kommunane sjølve. Utgangspunktet er visjonen i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv: *Fysisk aktivitet for alle*.

Dagsturhytta starta som eit prosjekt i Sogn og Fjordane. Alle kommunane i tidlegare Sogn&Fjordane har dagsturhytte, og prosjektet har vore ein stor suksess. På eit år var det registrert 300 000 besøk samla på dagsturhyttene . I gamle Sogn og Fjordane bur det om lag 100 000 innbyggjarar... Dei fleste kommunane i tidlegare Hordaland har skriva kontrakt om bygging av dagsturhytte.

Hytta er teikna av Rojo arkitekter i Trondheim og bygd av Kystbygg , Stad . Dei byggjer hyttene i lageret sitt på Stadlandet, før dei blir frakta til stadane der dei skal monterast.

Dagsturhyttene er i hovudsak finansierte ved hjelp av spelemidlar, med pengar frå Sparebankstiftinga og fylkeskommunen, samt momsrefusjon. Noko førearbeid og tilrettelegging må gjerast på dugnad.

Nokre viktige kriteriar for val av plassering :

Fylkeskommunen har satt nokre kriteriar/føringar som må vurderast når plassering skal bestemast. Innkomne forslag vil bli vurdert opp mot desse :

- * Skal vera tilgjengeleg for folk flest
- * Bør plasserast i etablert turområde
- * Parkeringsmuligheter. Hovudsakleg eksisterande parkeringsplass.
- * Avtale med grunneigar er eit krav. Sjekka at det ikkje er interessekonfliktar
- * Max 15 min. med bil frå kommunesenteret
- * Gangtid frå parkeringsplass : 25 – 45 minuttar
- * Flat tomt , max 30 – 50 cm høgdeforskjell, fast fjell
- * Vurdera utsikt, vind,sol, klimatiske forhold.
- * Kan det settast opp sanitæranlegg ?
- * Må ikkje koma i konflikt med landskapsverninteresser, kulturminne, reguleringsplanar m.m.

Har du forslag til plassering ?

Då kan du senda det på mail til post@etne.kommune.no
Plasseringa må visast så nøyaktig som mogeleg på kart, bilete eller liknande .

Les også meir her : www.dagsturhytta.no

